

**Fra:** Tore Slinning (Tore.Slinning@hfk.no)

**Sendt:** 11.07.2018 14:46:47

**Til:** 'Ottersen, Øyvind'

**Kopi:**

**Emne:** Arkeologisk registrering, tiltaksområde knytt til omformarstasjon for straumkabel til Storbritannia

**Vedlegg:** image001.png;Kostnadsoverslag, Omformerstasjon, Strømmkabel til Storbritannia.pdf

Hei

Viser til tidlegare korrespondanse knytt til vurdering av potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Tidlegare fråsegn i brev frå Hordaland fylkeskommune til NVE knytt til krav om arkeologisk registrering er for ordens skyld lagt inn nedanfor.

Fylkeskonservatoren har no fått gjennomført synfaring i tiltaksområdet som gir grunnlag for å estimere omfang av arkeologisk registrering med maskinell sjakting knytt til garden Tveitane. Registreringa vil ta utgangspunkt i dei areala som ikke har blitt forstyrret av flaum. I tillegg til overflateregistrering, inneber dette i hovudsak maskinell graving av registreringssjakter på markene aust, sør og vest på garden. Metoden går ut på at ein skaper vekk matjord i 3 m breie søkesjakter for å kunne avdekke eventuelle forhistoriske strukturar bevart i undergrunnen.

---

#### 4.2.6. Kulturminne

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å ivareta kulturminneinteressene, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til fornminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

I våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet, men her ligg eit SEFRAK-registrert tun på Tveitane gbnr. 28/3. På bakgrunn av tidlegare gjenstandsfunn på garden og terrengtilhøve vist i utskiftingskart, finn Hordaland fylkeskommune det naudsynt med ei arkeologisk registrering av areal knytt til tiltaksområdet som ikkje har blitt forstyrret av flaum. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen. Registreringa vil avgjera om tiltak i utbyggingsområder på land kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Saka ligg også til fråsegn hos Bergens Sjøfartsmuseum.

Ettersom dette er ei kraftsak meiner Hordaland fylkeskommune det er viktig at resultatane etter den arkeologiske registreringa ligg føre når konsesjonsavgjerda skal fattast. Slik vil ein ha mest mogeleg informasjon for handa i samband med vurderinga av utbygginga, og kan tidlegast mogeleg i prosessen fastslå verknadane av planlagde inngrep, og eventuelt fremje avbøtande tiltak. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.

---

Kostnadsoverslag er no utarbeida og lagt ved. Dette er eit overslag som gir ei ramme for prosjektet, der tiltakshavar i etterkant berre blir belasta for reelle kostnader. Skulle kostnadene av upårekna årsakar overskride det vedlagte kostnadsoverslaget, vil vi varsle dykk om dette.

Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar sendast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). Der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å avtale når arbeidet kan utførast.

Venleg helsing

**Tore Slinning**

spesialrådgiver - arkeolog

Fylkeskonservatoren



Agnes Mowinckels gt. 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

55 23 95 69 | [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)